



Visindi Bergen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/2999 - 17/24012

Saksbehandlar:

Martin W. Kulild

martin.kulild@meland.kommune.no

04.12.2017

Førespurnad om tilbod – etablering av toppleiargruppe

Fellesnemnda i Alver kommune har i møte 6.11.17 tilsett Ørjan Raknes Forthun som prosjektansvarleg i Alver kommune og Jarle Landaas og Martin W. Kulild som assisterande. I forlenginga av dette skal vi etablere ny toppleiargruppe. Til dette arbeidet ynskjer vi bistand. Oppgåvene som det ønskes bistand til kan eksemplifiserast ved:

- Førearbeid og analyse i samarbeid med prosjektleiargruppa
- Gjennomføring av intervju/referanseintervju/analyse av kandidatane sin kompetanse/anna vurdering av kandidatane
- Oppsummering av prosessen, med innplassering av kandidatane
- Moglegheit for individuelle oppfølgings-samtaler for kandidatane i ettertid

Følgjande roller/posisjonar er aktuelle:

- Økonomisjef (toppleiargruppe eller stab)
- HR-ansvarleg (toppleiargruppe eller stab). Ingen av kandidatane har tilsvarande rolle i dag.
- Kommunalsjef helse og omsorg (toppleiargruppe)
- Kommunalsjef oppvekst (toppleiargruppe)
- Kommunalsjef plan/utvikling/drift av tekniske tenester (toppleiargruppe eller stab)

I tillegg ønskjer vi prissatt opsjon på bistand/vurdering av organisering/splitting av sistnemnde eining i prosjektavdeling for investeringsprosjekt, plan- og utviklingsavdeling og tekniske tenester (drift og forvaltning). Samt pris per time for kjøp av tenester utanfor oppdraget.

Dette betyr at inntil 15 tilsette i dei eksisterande kommunane skal vurderast som kandidatar til stillingar som kommunalsjefar i Alver kommune.

Ved innsending av tilbod ber vi om at det blir gjort greie for framgangsmåte og metodikk. Prosessen må følgje gjeldande offentlege reglar, inkludert dei krav som fins til dokumentasjon av prosessen.

Vi vil vurdere tilboda etter følgjande kriterium:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

1. **Gjennomføringsevne.** Plan og organisering som gir tiltru til at leverandør kan gjennomføre prosessen innafor dei fastsette fristane og innafor rammene av lov og avtaleverk.
2. **Pris.** Totalpris for oppdraget med eit føreseieleg og forståeleg kostnadsbilete. Vi ber om at pristilbod inkluderer reise, telefon, oppmøte/møte, frakt, gebyr og alle andre ekstra omkostningar.

Evtuelle atterhald frå leverandøren skal vere klart og tydeleg skrive i tilbodet, slik at dei enkelt kan verte vurdert.

Vi ynskjer oppstart snarast råd og at prosessen er ferdigstilt tidleg i februar 2018. For å sikre at oppgåva er rett forstått vil vi invitere dykk til eit møte på Meland rådhus, onsdag 13. november (vi har sett av tid, frem til kl 11), der oppdraget kan drøftast. Frist for innsending av endeleg tilbod er sett til 19. desember 2017. For spørsmål om oppdraget kan Martin W. Kulild kontaktast, mobilnr. 464 14 800 eller e-post martin.kulild@meland.kommune.no

Med helsing

Martin W. Kulild
Rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Styringsdokument og omstillingsavtale som del av sakstfang til fellesnemnda 4.12.17